



Fløysand VA as
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/998 - 16/5750

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
18.03.2016

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Fløksand gbnr 5/107.

Administrativt vedtak. Saknr: 75/2016

Tiltakshavar: Jon Gunnar Nesse
Ansvarleg søkjar: Fløysand VA
Søknadstype: Søknad om utsleppløyve frå ein fritidsbustad

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utslepp frå ein fritidsbustad på Fløksand, gbnr 5/107. I samsvar med søknad, datert 15.02.2016, skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg, før reinsa avlaupsvatn skal førast til terreng/sandfiltergrøft på naboegedomen gbnr 5/7. Plassering og utsleppsstad er vist på motteke situasjonskart datert 15.02.2016. Det ligg føre naudsynt erklæring som sikrar egedomen rett til dette.

Nabovarsling

Utsleppet vart nabovarsla 18.02.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

Erklæring om ansvarsrett

Føretaket Fløysand VA har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vurdering:

Planstatus

Egedomen gbnr 5/107 er i Kommuneplanen sin arealdel definert som LNF-spreidd fritidsbustad. Det er difor ikkje naudsynt med dispensasjon.

Egedomen ligg i eit område med krav til rensing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrenring av forureining» sin § 12-5.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrenring av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 5/107, i samsvar med revidert søknad datert 15.02.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng på eigen eigedom.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 5/107 samsvar med søknad dagsett 15.02.2016. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan datert 15.02.2016, jf plan- og bygningslova § 29-4.

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jon Gunnar Nesse

Tjødnalia 17

6856

SOGNDAL

Mottakere:

Fløysand VA as

Fløksand

5918

FREKHAUG